

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Stord	29.01.2024
Dykkar ref.	
Vår ref.	156878/1
Arkivnr.	312-001
Saksbehandler	Sture A. Karlsen
Sider	1

Søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for magasin Hardelandsvatn i Etne kommune (jfr. vrl. § 8)

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) har konsesjon til å manøvrere magasinet mellom kote 198,2 (HRV) og kote 194,2 (LRV), dvs. 4,0 m.

Gjennom godkjent revurdering av inntaksdam og overløpsdam ved Hardelandsvatn er vi pålagt av NVE å gjennomføre ein del tiltak på dammane. Det største arbeidet er riving av eksisterande overløpsdam og bygging av ny dam utført som labyrintoverløp. Dette for å forbetre flaumavleiinga frå magasinet. NVE har godkjent både teknisk plan samt detaljplan for miljø og landskap for tiltaka. I begge planane er det tilrådd at det vert søkt om å senke magasinet under LRV i byggetida for å gje betre flaum-sikring av byggegropa til overløpsdammen.

Arbeida med dammane er planlagt å ta til medio april og er venta å ta 6-7 månader.

Sunnhordland Kraftlag AS søker difor om løyve til å senke magasinet ned til kote 193,2, dvs. 1,0 m under LRV innanfor perioden 15. april til 15. november 2024.

Vi håper på ei rask og positiv handsaming.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS



Sture A. Karlsen
Vassdragsteknisk ansvarleg
ska@skl.as